



Søkjarhandboka

Skuleåret 2020-2021

Nyttig informasjon om søknad til vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune

Frå 1. januar 2020 er Hordaland og Sogn og Fjordane slått saman til eitt fylke; Vestland.

I Vestland fylke kan du velje mellom 44 offentlege skular. Skulane våre tilbyr eit breitt tilbod av programområda som finst innanfor vidaregåande opplæring, og desse fører fram til mange fag og yrke.

Omtale av dei ulike utdanningsprogramma finn du på vilbli.no. Her finn du også lenkje til vigo.no som er den sida du skal registrere søknaden din på.

Alle som er busett i Vestland fylke kan søkje skuleplass i heile fylket, men vil få førerrett til skular i det området ein bur. Det betyr at dersom ein bur i tidlegare Hordaland vil ein få førerrett til skulane som ligg i tidlegare Hordaland. Det same gjeld for dei som bur i tidlegare Sogn og Fjordane. Dei vil få førerrett til skulane som ligg i dette området.

I tillegg vil det vere nokre fylkesdekkande tilbod. Dette er tilbod som berre fins i eitt av områda. Til desse tilboda stiller alle søkjarane likt ved inntak uansett kor i fylke du bur. På side 22 i dette hefte finn du ein oversikt over kva tilbod dette gjeld.

Det vert felles inntak for heile Vestland. Det vil seie at alle får svar på same tid og alle må registrere svar innan same frist. Det vil vere 3 inntaksrundar. Minner om at du berre kan stå på venting til høgare ønsker, ikkje til lågare.

Vidaregåande opplæring fører fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse. Studiekompetanse gjev høve til å søkje dei fleste fag ved høgskule og universitet. Yrkeskompetanse vil seie at du utdannar deg til å utøve eit yrke, dei fleste utdanningane vert avslutta med eit fag- eller sveinebrev. Grunnkompetanse er kompetanse på eit lågare nivå enn full yrkes- eller studiekompetanse. Grunnkompetanse kan være planlagt eller ikkje planlagt.

Når det gjeld søknad til læreplass vil det i praksis ikkje bli skilnader i høve til det som har vore tidlegare. Vg2-elevane søkjer seg til dei lærefaga som er aktuelle, men søkjer ikkje bedrift i VIGO. Fylkeskommunen formidlar søkjarar til aktuelle bedrifter, det vil seie at søkjaropplysningane vert gjort tilgjengelege i VIGO Bedrift.

Vil elevane søke direkte til spesifikke bedrifter gjer dei dette med ein personleg søknad til bedrifta.

Godkjende lærebedrifter og opplæringskontor vil automatisk få utvida godkjenninga til å gjelde for heile Vestland fylke.

For neste skuleår vil det bli ny tilbodsstruktur for søkjarar til Vg1 innan yrkesfaglege utdanningsprogram. Ein kan no velje mellom [10 yrkesfaglege utdanningsprogram](#) i tillegg til [5 studieførebuande utdanningsprogram](#).

I dette hefte finn ein informasjon om korleis ein søkjer vidaregåande opplæring i skule og bedrift i Vestland fylkeskommune. Ein vil finne ein oversikt over tilboda på den einskilde skule. I tillegg finn ein informasjon om eleven sine rettar

Besøksadresse, postadresse og telefon: Sjå Vestland fylkeskommune si [heimeside](#).

Telefon Inntak: 55 23 94 60

Telefon Fagopplæring: 55 23 99 00

vilbli.no	Informasjon om vidaregåande opplæring inkl. dei ulike utdanningsprogramma
vigo.no	Registrering av søknad
vestlandfylke.no	Vestland si heimeside til mellom anna vidaregåande opplæring og linke til skulane sine nettsider
vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/karriere-vestland/	Gratis karriererettleiing til alle vaksne over 19 år.

INNHALDSFORTEGNELSE

NYTTIG INFORMASJON OM SØKNAD TIL VIDAREGÅANDE OPPLÆRING I VESTLAND FYLKESKOMMUNE	2
INNTAKSKALENDER 2020	6
FORMIDLINGSKALENDER 2020	8
INFORMASJON OM SØKNAD TIL VIDAREGÅANDE SKULAR	9
Registrere søknad på vigo.no	9
Viktig å søkje meir enn eitt utdanningsprogram og ein skule.....	9
Endring av søknad etter søknadsfristen	9
Skuleplassar i andre fylke (friare skuleval).....	10
Landslinjer og landsdekkande tilbod	10
Gjesteelev	10
Kjøp av skuleplass til tilbod vi ikkje har i Vestland	10
Søknad til private vidaregåande skular i Vestland	11
Det er ikkje høve til å ta opp att same utdanningsprogram/programområde	11
Ettersending av vitnemål.....	11
Ulike rettar til vidaregåande opplæring	11
Retten til omval av utdanningsprogram/programområde	12
Søklarar med folkeregistrert adresse utanfor Vestland fylke	12
Utrekning av poengsum ved søknad - Hovudregel	13
Tildeling av plass ved same poengsum	13
Karaktergrense for inntak.....	13
SPESIELLE INNTAKSREGLAR FOR SKULEÅRET 2020/2021	14
Reglar for søklarar busett i tidlegare Hordaland	14
Reglar for søklarar busett i tidlegare Sogn og Fjordane.....	15
SØKNADSRIST 1. FEBRUAR.	17
Søklarar med fortrinnsrett. Søklarar til individuell behandling. Minoritetsspråklege søklarar.	17
Søknad om fortrinnsrett og individuell behandling	17
Minoritetsspråklege søklarar	17
Spesielle reglar for minoritetsspråklege søklarar i tidlegare Hordaland	18
Spesielle reglar for minoritetsspråklege søklarar i tidlegare Sogn og Fjordane:.....	19
OVERSYN OVER KVA SKULAR SOM HAR DEI ULIKE TILBODA	21
FYLKESDEKKANDE TILBOD VED DEI VIDAREGÅANDE SKULANE I VESTLAND.....	22
Ordinære fylkesdekkande tilbod	22
Spesielle fylkesdekkande tilbod.....	23
Bergen Katedralskole.....	23

Bergen Katedraskole, avd. Kyrre skole	23
Laksevåg og Bergen maritime videregående skole	23
Nordahl Grieg videregående skole og Olsvikåsen videregående skole.....	23
Sotra vidaregåande skule.....	24
4-årig yrkes- og studiekompetanse («YSK-modellen»).....	24
Toppidrettstilbod – Olympiatoppen Vest-Norge.....	24
Tilbod i utlandet i regi av dei vidaregåande skulane i Vestland.....	26
Amalie Skram vidaregåande skole.....	26
Askøy vidaregåande skole	26
Knarvik vidaregåande skule	27
Kvam vidaregåande skule, avdeling Øystese	27
Voss gymnas	27
Tilbod i utlandet i regi av Danielsen Videregående Skole (friskule)	28
SØKNAD OM OPPLÆRING I BEDRIFT	29
Innsøking	29
Søkje læreplass direkte etter ungdomsskolen, eller etter Vg1	29
Førehandsavtale om læreplass.....	29
Kontakt med bedrift.....	29
Tips for å auke mogelegheitene til å få læreplass	29
Tilbod om læreplass	30
Viktig for bedriftene ved tilsetjing.....	30
Læreplass med stryk i nokre fag.....	30
Rett til læreplass	30
Nei til tilbod om læreplass	30
Informasjon om opplæring i bedrift. Oversikt over lærebedrifter.....	30
Påbygging til generell studiekompetanse etter bestått fag- og yrkesopplæring.....	30
GENERELL INFORMASJON	31
Kvalifisering til neste nivå utan å ha bestått tidlegare nivå	31
Ny eksamen/privatisteksamen	31
Deltidselev	31
Elev-PC i offentlig vidaregåande skule.....	31
Skuleskyss	31
Stipend frå Lånekassen	31
Utstyrsstipend	31
Bustipend	31
Grunnstipend	31
Slik søker ein lån og stipend	32
Endra reglar i Lånekassen	32
OVERSYN OVER VIDAREGÅANDE SKULAR I VESTLAND.....	33
Følgjande private vidaregåande skular (friskular) skal ein søkje på i vigo.no	33

Skular i Rogaland som kan søkjast av dei som bur i Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Kvinnherad og Odda . 33

VIDAREGÅANDE OPPLÆRING FOR VAKSNE	34
Kven har rett til vidaregåande opplæring?	34
Inntaksområder	34
Tilbod for vaksne hausten 2020.....	34
Søknad.....	34

Inntakskalender 2020

Med unntak av søknadsfristar bli det tatt generelt atterhald om datoane nedanfor.

Ved registrering av søknad og svar på vigo.no går fristen ut kl. 23.59 på datoane nedanfor.

Januar 10.	Vigo.no opnar for søknadsregistrering
Februar 03.	Søknadsfrist er 3. februar kl. 23.59. a) har enkeltvedtak om spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1, og som søker om fortrinnsrett ved inntak etter § 6-15 til § 6-19 og § 6-30 til § 6-32, eller om individuell behandling etter § 6-22 og § 6-35 b) har enkeltvedtak om særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8 eller § 3-12 c) er nyleg komne til Noreg d) har rett til teiknspråkopplæring etter opplæringslova § 3-9 e) søker om individuell behandling etter § 6-25 og § 6-38
Mars 02.	Søknadsfrist er 2. mars kl. 23.59. Fristen for søknad for andre med rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1.
Mai- Juni 1/5–30/6	Førehandsvar I denne perioden kan ein gje svar på vigo.no for tilbud om plass i vidaregåande skule som ein får ved 1. inntaksomgang. Ein kan uansett endre svaret i den ordinære svar-perioden om ein ønskjer det. Kan også nyttast for å trekkje søknaden dersom ein t.d. har fått plass ved privatskule. Ein svarar då Nei til plass ved førehandsvar. OBS! Førehandssvar gjeld kun ved svar til 1. inntaksomgang,
Medio mai	Søklarar med fortrinnsrett får melding om inntak
Juli 08.	Første inntak Ein må gå på vigo.no for å sjå resultatet av inntaket. Påminning om at inntaket er klart blir sendt på sms. Dersom ein har førehandssvart treng ein ikkje gjere noko, men ein kan gå inn og endre svaret. Dersom ein av ein eller annan grunn ikkje mottar sms, t.d. om ein er på ferie i utlandet, kan ein likevel sjå inntaksresultatet på vigo.no om ein har kodar/passord frå MinID. Pålogging til vigo.no skjer på same måte som ved søking. Søklarar som ikkje har registrert mobilnummer på vigo.no får melding om inntaksresultatet i posten. Merk at ein ikkje kan sjå endringar på ventelistene før 2. inntaket er klart.
Juli 22.	Svarfrist første inntak Dersom ein ikkje har førehandssvart ja og ikkje svarar ja til plass innan svarfristen, misser ein plassen.

Juli
29.

Andre inntak

Ein må gå på vigo.no for å sjå resultatet av inntaket. Påminning om at inntaket er klart blir sendt på sms. Melding blir berre sendt til dei som får nytt tilbod. Dersom ein av ein eller annan grunn ikkje mottar sms, t.d. om ein er på ferie i utlandet, kan ein likevel sjå inntaksresultatet på vigo.no om ein har kodar/passord frå MinID.

Pålogging til vigo.no skjer på same måte som ved søking.

Søklarar som ikkje har registrert mobilnummer på vigo.no får melding om inntaksresultatet i posten.

Merk at ein ikkje kan sjå endringar på ventelistene før 3. inntaket er klart.

August
05.

Svarfrist andre inntak

August
10.

Tredje inntak

Ein må gå på vigo.no for å sjå resultatet av inntaket. Påminning om at inntaket er klart blir sendt på sms. Melding blir berre sendt til dei som får nytt tilbod. Dersom ein av ein eller annan grunn ikkje mottar sms, t.d. om ein er på ferie i utlandet, kan ein likevel sjå inntaksresultatet på vigo.no om ein har kodar/passord frå MinID.

Pålogging til vigo.no skjer på same måte som ved søking.

Søklarar som ikkje har registrert mobilnummer på vigo.no får melding om inntaksresultatet i posten.

Merk at ein etter skulestart berre kan få plass på høgare prioritert utdanningsprogram/ programområde, ikkje på høgare prioritert skule.

August
17.

Første skuledag for elevane.

Nærare melding om kor tid ein skal møte vil som hovudregel bli gitt på vigo.no når ein får tilbod om plass, eller på skulen si heimeside. Merk deg at ein ikkje kan rekne med å få fri til feriereiser ved skulestart. Tilbodet om skuleplass gjeld berre for første skuledag. Det er eleven sitt ansvar å møte på skulen til rett dag/tid. Dersom ein ikkje møter første skuledag, og ikkje har fått formell skriftleg permisjon frå skulen, har ein ikkje rett til å få tilbake plassen dersom ein møter fram seinare. Ein vil også bli plassert nederst på eventuell venteliste før skulen eller Seksjon Inntak, forvaltning og sluttvurdering kan gi deg nytt tilbod om plass.

August
20.-31.

Oppfylling av ledige elevplassar.

Dei ledige plassane i Bergen blir fylte opp frå Seksjon Inntak, forvaltning og sluttvurdering f.o.m. 18. august. I resten av fylket fyller den einskilde skule opp dei ledige elevplassane. Merk at ein ikkje får tilbod om plass ved høgare prioritert skule på same utdanningsprogram eller programområde, sjølv om det blir ledig plass etter skulestart. Unntak blir gjort for søklarar med lang reiseveg. Sjå elles informasjon på heimesida til Vestland fylkeskommune frå ca. 10. august om inntak av elevar til ledige plassar ved skulane i Bergen etter skulestart.

Sept.
01.

Seksjon Inntak, forvaltning og sluttvurdering har det formelle ansvaret for inntak av elevar, men førespurnad om plass skal rettast til den einskilde skule.

Nov.
01.

Sluttar ein i vidaregåande skule 1. november eller seinare, har ein brukt eitt år av opplæringsretten. Ein kan då risikere at ein ikkje får fullført vidaregåande opplæring med kompetanse. Nærare informasjon får ein ved å kontakte [Vestland fylkeskommune](http://Vestland.fylkeskommune) eller på nettstaden vilbli.no.

Formidlingskalender 2020

Med unntak av søknadsfristane blir det teke generelt atterhald om datoane nedanfor.

Arbeidet med å formidle til opplæring i bedrift føregår frå 4. mars til 1. september.

Mars
02.

Siste frist for registrering på vigo.no er 2. mars kl. 23.59.

April

Opplæringskontor/lærebedrifter som ønskjer å tilsetje lærlingar/lære kandidatlar får tilgang til søknadene. Opplæringskontora/lærebedriftene melder frå til fylkeskommunen om kven dei teiknar lærekontrakt/opplæringskontrakt med. Dei melder og frå om kven som ikkje møter til intervju eller takkar nei til læreplass. Desse søkjarane blir det ikkje arbeidd aktivt vidare med for å formidle til lærekontrakt/opplæringskontrakt.

Mai

Alle søkjarar vil sjå på vigo.no kvar gong fylkeskommunen sender søknaden til ny bedrift. Vi oppmodar og søkjarane til å sende ein personleg søknad direkte til aktuelle opplæringskontor/lærebedrifter. Når ein har fått avtale om læreplass, må ein melde frå om dette til fylkeskommunen, slik at lærekontrakt/opplæringskontrakt blir oppretta.

Juni–
August

Alle søkjarar skal melde frå til fylkeskommunen om dei har fått læreplass, eller om dei har andre planar for hausten. Søkjarar med ungdomsrett har rett til læreplass eller slutt opplæring i skule slik at dei kan gå opp til fagprøve, (Vg3 fagopplæring i skule). Dersom ein innan 1. september ikkje har fått tilbød om læreplass, skal fylkeskommunen tilby Vg3 fagopplæring i skule.

Informasjon om søknad til vidaregåande skular

Alle som skal søkje om inntak til vidaregåande skular og formidling av læreplass skal som hovudregel søkje via vigo.no. For å kunne søkje på vigo.no må ein ha norsk fødsels- og personnummer.

Når ein skal bruke offentlege tenester på internett er sikker identifisering nødvendig. Elektronisk ID gjer kommunikasjonen trygg mellom søkjar og det offentlege. Ein må difor bruke elektronisk ID for å logge inn på vigo.no. Ein kan velje mellom fleire elektroniske ID'ar, men det mest vanlege er at ein brukar MinID ved innsøking til vidaregåande opplæring i VIGO.

Alle elevar på 10. trinn vil få tilsendt kodar frå MinID i god tid før vigo.no opnar 10. januar. Dersom du ikkje har fått PIN-kodebrev, kan du tinge det på skatteetaten.no. *Ein får berre tilsendt kodane automatisk ein gong.*

Det er viktig å kontrollere at ein får logga seg inn på vigo.no med MinID med fødselsnummer, sjølvvalt passord og kode på SMS i god tid før søknadsfristen er ute.

Dersom ein er minoritetsspråklege søkjar og ikkje har fått norsk fødsels- og personnummer kan ein ikkje søkje på vigo.no. Ta kontakt med Vestland fylkeskommune for meir informasjon.

Treng ein kontakt med MinID er telefonnummeret 800 30 300 (frå utlandet +47 57 65 50 60) eller e-post- adresse; brukerstotte.difi.no

Registrere søknad på vigo.no

- Ein finn informasjon på vigo.no. Les instruksjonane nøye.
- Treng ein hjelp med søknaden? Kontakt rådgjevar på skulen, Vestland fylkeskommune eller gå inn på nettsida vilbli.no.
- Fram til søknadsfristen kan ein endre søknaden fleire gongar på vigo.no.
- Sjekk at mobilnummer og e-postadresse er rett på vigo.no.
- Mobilnummer og e-postadresse kan ein endre heile året på vigo.no. Desse endringane må ein også melde til MinID. Dersom ein berre endrar mobilnummeret i vigo.no, men ikkje hos MinID, mottar ein ikkje passord eller andre meldingar frå MinID.
- Dersom ein har fått nye adresse, ta kontakt med Vestland fylkeskommune.

Hugs å skrive ut kvittering av søknaden før ein loggar ut.

Søker ein eit programområde som ein ikkje er kvalifisert for, og dette ikkje blir oppdaga i søknadshandsaminga, kan ein ikkje krevje å få behalde plassen dersom ein ved en feil skulle få tilbod om plass.

Viktig å søkje meir enn eitt utdanningsprogram og ein skule

Opplæringslova seier at ein skal søkje tre utdanningsprogram til Vg1, og det er svært viktig at ein gjer det. Når ein kjem ut frå ungdomsskulen har ein rett til å få plass ved eitt av tre utdanningsprogram. Ein kan søkje inntil seks skular på kvart program. Dersom ein berre fører opp eitt utdanningsprogram og ein skule, kan ein risikere at ein blir tildelt eit skuletilbod som svært ofte ikkje er aktuelt ta imot. Ved å utnytte søknadsskjemaet best mogleg har ein innverknad på eiga framtid. Dette er særleg viktig dersom ein bur i Bergensområdet.

Dersom ein søker utdanningsprogram med ulike fordjupingar som t.d. Musikk, dans og drama, kan ein søkje alle tre fordjupingane (musikk, dans eller drama). Dette vert rekna som eitt utdanningsprogram. Vel du denne løysinga må du i tillegg søkje to andre utdanningsprogram.

Endring av søknad etter søknadsfristen

Hovudregelen er at ein ikkje får endra søknaden etter søknadsfristen. Unntaket er dersom det er særlege grunnar som t.d. flytting med familie, sjukdom eller spesielle sosiale årsaker som gjer det tungvint eller umogeleg å gå på den skulen ein har søkt tidlegare. Søknaden må vere grunngjeven, og dokumentasjon må følgje med. Søknaden skal sendast til Vestland fylkeskommune.

Skuleplassar i andre fylke (friare skuleval)

Friare skuleval betyr at når ein søker om skuleplass på eit bestemt utdanningsprogram/programområde i eit anna fylke, har denne fylkeskommunen (vertsfylket) no plikt til å vurdere om det er ledig plass.

Alle fylka kjem likevel til å gje tilbod til søkjarar frå eige fylke, før dei opnar for inntak av søkjarar frå andre fylke.

Retten til vidaregåande opplæring gjeld berre i heimfylket, det er difor svært viktig at ein også søker skuleplass her i Vestland fylke. Retten til skuleplass er avhengig av at ein har søkt. Dersom ein vil søkje om skuleplass i eitt eller fleire andre fylke må ein gjennomføre søkjarprosessen for kvart fylke på vigo.no.

Lovreglane om inntak med fortrinnsrett eller etter individuell handsaming etter opplæringslova og forskrift til opplæringslova gjeld ikkje ved inntak til andre fylke enn heimefylket ditt.

Landslinjer og landsdekkande tilbod

Nokre tilbod blir kalla landslinjer eller landsdekkande tilbod. Dei har ein rett til å søkje same kvar i landet ein bur, og søkjarar frå heile landet stiller likt ved inntak. Staten finansierer landslinjene. Landsdekkande tilbod er det berre grunnlag for å ha på ein eller nokre få skular. Desse blir finansierte av fylkeskommunane.

For den som søker er det i praksis ingen forskjell på landslinje eller landsdekkande tilbod. Ein søker også desse tilboda i heimfylket via vigo.no. Ein bør ta kontakt med aktuell fylkeskommune då det er ulik praksis i fylka med omsyn til kva ønskenummer på søknadene som vert vurdert ved inntak.

Gjesteelev

Dersom ein meiner at ein har særlege pedagogiske eller sosiale behov for skulegang i eit anna fylke, kan ein søkje det fylket om å bli prioritert gjesteelev. Ein kan då bli prioritert for inntak før andre søkjarar frå andre fylke. Det er vertsfylket (fylket der skulen ligg) som avgjer om prioriterte gjesteelevar kjem etter eller på lik linje med vertsfylket sine egne søkjarar.

Du skal **ikkje** sende søknad om gjesteelevgaranti til Vestland fylke.

Kjøp av skuleplass til tilbod vi ikkje har i Vestland

Dersom ein søker eit programområde som vi ikkje gir tilbod om i Vestland, kan ein få tilbod om plass i eit anna fylke. Vestland samarbeider med dei andre fylkeskommunane om dette. På vigo.no brukar ein skulenamn «Kjøp av plass i anna fylke». Denne «skulen» vil ein berre finne på dei programområda som vi ikkje tilbyr i Vestland fylke. Dette gjeld berre for søkjarar med ungdomsrett.

Det er berre aktuelt å kjøpe skuleplass i anna fylke dersom ein har dette ønske som første prioritet på søknaden. Når ein søker skuleplass utanfor Vestland, får ein ikkje beskjed om kva skule ein får plass på før inntaket er klart. Ein er ikkje garantert plass i anna fylke og som hovudregel rår vi til at ein i tillegg søker programområde vi har i Vestland fylke.

Merk at Vestland fylke ikkje kjøper plass ved program der det er lagt inn spesielle programfag/fordjupningsfag, t.d. vektlegging av ulike idrettar. Unntak kan gjerast dersom det er dokumentert at du er på landslagsnivå i idretten din, og at det er særleg viktig for utvikling og treningstilhøva dine at du får plass på ein aktuell skule i eit anna fylke.

For skuleåret 2020-2021 gjeld dette følgjande tilbod:

Bygg- og anleggsteknikk	Vg2 Overflateteknikk Vg2 Treteknikk
Design og handverk	Vg2 Aktivitør Vg2 Design og trearbeid Vg3 Utstillingsdesign
Elektrofag	Vg2 Kilde- og varmepumpeteknikk
Helse- og oppvekstfag	Vg3 Fotterapi
Naturbruk	Vg2 Skogbruk Vg3 Gartnarnæring
Teknikk- og industriell produksjon	Vg2 Industritekstil og design Vg2 Laboriefag

Søknad til private vidaregåande skular i Vestland

Ein skal registrere søknad om plass til Danielsen Videregående Skole, St. Paul Gymnas og Sygna Vidaregåande Skule på vigo.no. Til alle dei andre private vidaregåande skulane må ein søkje direkte til skulen.

Det er ikkje høve til å ta opp att same utdanningsprogram/programområde

Ein kan ikkje lenger søkje om plass ved same utdanningsprogram/programområde som ein har fullført og bestått tidlegare. Dersom ein likevel gjer det vil søknaden ikkje bli handsama. Om det er gjort ein feil i sakshandsaminga slik at ein likevel får tilbod om plass, må ein slutte etter skulestart.

Dersom ein har fått godkjent å ta kurset over to år, har slutta før ein har fått H2-karakterar/standpunkt-/eksamens karakterar, eller ikkje får karakter i noko fag, kan ein gå opp att same utdanningsprogram/programområdet.

Ettersending av vitnemål

Hovudregelen er at ein ikkje treng å sende inn vitnemål/kompetansebevis, verken når ein søker på vigo.no eller med papirsøknad. Dette gjeld uansett om ein bur i Vestland fylke eller i andre fylke. Alt dette er samla i ein felles database for heile landet.

Unntaket er dersom ein er fødd i 1977 eller tidlegare. I slike høve må ein, etter at søknaden er registrert på vigo.no, ettersende vitnemål eller kompetansebevis som grunnlag for det kurset du søker.

Dersom ein er minoritetsspråkleg søker til Vg1 må ein leggje ved dokumentasjon på lovfesta grunnskuleopplæring (oversett til norsk eller engelsk) dersom denne er frå heimlandet. Det same gjeld for norske elevar som har gått grunnskule i utlandet.

Ulike rettar til vidaregåande opplæring

Ungdomsrett

Utdrag av opplæringslova § 3-1:

«Ungdom som har fullført grunnskolen eller tilsvarande opplæring, har etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring. Dette gjeld òg dei som har fullført vidaregåande opplæring i eit anna land, men som ikkje får godkjent opplæringa som studiekompetanse eller yrkeskompetanse i Noreg».

Retten til vidaregåande opplæring gjeld ut det skuleåret som tek til det året ein fyller 24 år. Sjølv om ein ventar med å starte i vidaregåande opplæring og/eller får utvida rett kan ein ikkje ha ungdomsrett lenger enn til det skuleåret som tek til det året ein fyller 24 år.

Retten er ikkje er knytt til ein bestemt skule. Merk at søkerar til Vg1 må føre opp tre aktuelle utdanningsprogram. Innanfor kvart utdanningsprogram kan det prioriterast inntil seks skular. Opplæringslova gjev søkerar med ungdomsrett rett til å få skuleplass på eitt av tre valde utdanningsprogram. Dersom ein ikkje set opp tre utdanningsprogram på søknaden kan fylkeskommunen gje tilbod i eit utdanningsprogram ein ikkje har søkt.

Dersom ein sluttar før 1. november i skuleåret brukar ein ikkje av opplæringsretten.

Når ein søker vidaregåande opplæring med ungdomsrett har ein rett til inntak ved eitt av tre utdanningsprogram på Vg1. Til Vg2 og Vg3 har ein rett til inntak til eit programområde som byggjer på det utdanningsprogrammet ein har på Vg1 eller programområdet ein har på Vg2.

Nærare informasjon om korleis ein eventuelt kan søkje om utvida opplæringsrett grunna faglege/sosiale årsaker, sjukdom, militærtjeneste, omsorg for barn/svangerskap, får ein hos rådgjevar på skulen eller ved å kontakte Vestland fylkeskommune.

Vaksenrett

Ein har vaksenrett dersom ein er over 25 år og ikkje tidlegare har fullført vidaregåande opplæring med fag-/yrkeskompetanse eller studiekompetanse. Vaksenretten er ikkje tidsavgrensa. I inntaket til ordinær vidaregåande opplæring er dei med vaksenrett prioriterte etter dei med ungdomsrett. Dersom ein meiner ein har vaksenrett må ein ta kontakt med Rettleiingstenesta i Vestland fylkeskommune.

Fullføringsrett

Dersom ein vart teken inn til vidaregåande opplæring utan ungdomsrett førre skuleår, får ein fullføringsrett til inntak på neste nivå. I inntaket er søkjarar med fullføringsrett prioriterte etter søkjarar med ungdomsrett og vaksenrett.

Ikkje rett

Dette gjeld søkjarar som er ferdig med ungdomsretten. Søkjarar som har fullført tre-årig opplæring, t.d. innan studiespesialisering eller er ferdig med læretida, vil bli prioritert bak søkjarar som ikkje har fullført vidaregåande opplæring.

Uansett vil ein bli prioritert bak søkjarar med ungdomsrett, vaksenrett og fullføringsrett, og det er relativt liten sjanse for at ein får plass i ordinær vidaregåande skule.

Retten til omval av utdanningsprogram/programområde

Dersom ein etter ei tid finn ut at ein har byrja på eit utdanningsprogram/programområde som er feil, kan ein gjere eit omval og automatisk få utvida opplæringsretten med eitt eller to år. Slik er reglane:

- Gjer ein omvalet etter Vg1 til nytt utdanningsprogram i Vg1, får ein utvida retten automatisk frå tre til fire år.
- Gjer ein omvalet etter Vg2, men startar opp att på eit anna programområde innanfor det same utdanningsprogrammet, vil også retten automatisk bli utvida med eitt år.
- Gjer ein omval etter Vg2 og tek til på eit nytt utdanningsprogram i Vg1, får ein automatisk utvida opplæringsretten med to år.

Dei tre punkta om omval som er nemnt ovanfor fører til at ein får nok Ungdomsrett til å fullføre enten det gamle utdanningsprogrammet/programområdet eller det nye utan å måtte søkje om utvida rett. Rettsutvidinga gjeld berre første gang ein gjer omval.

- Ein får også eitt års automatisk utviding av ungdomsretten dersom ein sluttar i Vg3 etter 1. november i skuleåret, og ikkje har gjort eit omval tidlegare. I praksis vil ein berre få opplæringsrett til å starte opp att på same nivå som ein slutta på. Dersom ein likevel ynskjer å gå tilbake til eit lågare nivå, vil ein ikkje ha rett til å fullføre det nye utdanningsprogrammet/programområdet.

Nærare informasjon om eventuelle fritak i fellesfag dersom ein gjer omval frå eit utdanningsprogram/programområde til eit anna, får ein hos rådgjevar på skulen.

Søkjarar med folkeregistrert adresse utanfor Vestland fylke

Ein har ikkje rett på skuleplass i Vestland fylke dersom ein ikkje er registrert i folkeregisteret i ein av kommunane i Vestland fylke pr. 1. mars 2020.

Melding om flytting må vere reell, og gjennomført pr. 1. mars. Ein kan såleis ikkje melde flytting til Vestland fylke og halde fram ved same skule i heimefylket ut skuleåret.

Dersom ein skal flytte saman med foreldre/føresette gjeld ikkje fristen 1. mars. Foreldra må sende inn stadfesting på at dei skal flytte til Vestland fylke før skulestart. Det kan vere stadfesting av ny jobb eller kjøp av husvære for ein eller begge av foreldra. Hugs å melde frå til heimefylket at ein flyttar til Vestland fylke.

Dersom ein har folkeregistrert adresse i eit anna fylke enn Vestland, kan ein få rett til vidaregåande opplæring i Vestland fylke når ein dokumenterer at ein av foreldra bur her. Ein treng ikkje melde adresseendring eller bu saman med den av foreldra som bur i Vestland fylke. Denne godkjenninga gjeld berre for eitt år om gangen og må evt. fornyast kvart år. I slike høve får ein i praksis opplæringsrett både i Vestland fylke og i heimefylket.

Søknad og dokumentasjon må sendast til [Vestland fylkeskommune](#) innan søknadsfristen.

Utrekning av poengsum ved søknad - Hovudregel

Poengsum ved søknad til vidaregåande kurs 1 (Vg1)

Avsluttande karakterar i alle fag frå ungdomsskulen blir lagt til grunn. Dei fleste har 14 standpunkt-karakterar på vitnemålet. I tillegg kan ein ha ein eller fleire eksamenskarakterar.

Alle karakterane, standpunkt- og eksamenskarakterar, blir summerte og dividert på tal karakterar. Dette blir snittkarakteren frå ungdomsskulen. Snittkarakteren blir multiplisert med 10, og dette blir den poengsummen som ein konkurrerer med ved inntaket til vidaregåande skular.

Merk at valfag skal telje som ein karakter og blir rekna ut på følgjande måte:

- same valfag i tre år – standpunktkarakter frå 10. trinn gjeld.
- tre ulike valfag – gjennomsnittskarakter av alle valfag.
- to ulike valfag – gjennomsnittskarakter av karakteren på høgaste nivå + karakter frå det andre valfaget.

Summen/snittet av karakterane i valfag blir lagt saman med resten av karakterane.

For meir informasjon sjå vilbli.no under inntaksreglar og poengutrekning.

Søklarar som manglar karaktergrunnlag i meir enn halvparten av faga, skal søkje plass på individuell søknadshandsaming innan 1. februar.

Poengsum ved søknad til vidaregåande kurs 2 (Vg2)

Alle karakterar, halvårsvurdering frå siste termin (fag ein ikkje får avsluttande karakter i), standpunkt- og eksamenskarakterar, blir summerte og dividert på tal karakterar. Dette blir snittkarakteren frå kompetansegejevande kurs. Snittkarakteren blir multiplisert med 10, og dette blir den poengsummen ein tevlar med ved inntaket til Vg2 i den vidaregåande skulen.

Dersom ein har fleire kompetansegejevande utdanningsprogram frå Vg1, blir den/dei beste karakterane brukt ved utrekning av poengsum.

Nokre Vg2 kurs har inntaksgrunnlag frå fleire Vg1 kurs. Sjå nærare om dette under det einskilde programområde på vilbli.no.

Poengsum ved søknad til vidaregåande kurs 3 (Vg3)

Same reglar gjeld som ved søknad til vidaregåande kurs 2.

Tildeling av plass ved same poengsum

Dersom to eller fleire søklarar har same poengsum ved tildeling av den siste plassen på eit kurs, blir det nytta maskinell loddtrekning.

Karaktergrense for inntak

Nedre poenggrense endrar seg frå år til år. Det kan difor ikkje seiast noko om kva poenggrensene blir sommaren.

Oversyn over nedre karaktergrense for den einskile skule fin ein [her](#).

Spesielle inntaksreglar for skuleåret 2020/2021

For skuleåret 2020/2021 vil det vere ulike inntaksreglar i dei to områda (tidlegare Hordaland og tidlegare Sogn og Fjordane)

REGLAR FOR SØKJARAR BUSETT I TIDLEGARE HORDALAND

Hovudpunkt:

- Inntaket blir gjort på grunnlag av karakterane frå kompetansegevande kurs; dvs. karakterane frå ungdomsskulen til Vg1, karakterane frå Vg1 til Vg2, og karakterane frå Vg2 til Vg3.
- Elevar i Vg1 ved utdanningsprogramma; Studiespesialisering, Idrettsfag, Musikk, dans og drama, Medium og kommunikasjon og Kunst, design og arkitektur har prioritet til å få plass ved same skule i Vg2. Føresetnaden er at du er kvalifisert og at denne skulen blir søkt som første ønskje.
- Elevar i Vg2 ved utdanningsprogramma; Studiespesialisering, Musikk, dans og drama, Idrettsfag, Medium og kommunikasjon, Kunst, design og arkitektur har prioritet til å få plass ved same skule i Vg3. Føresetnad er at du er kvalifisert og at den skulen blir søkt som første ønskje.
- Søkjarar med dokumentert lang reiseveg, og som ønskjer individuell behandling av søknaden må ta kontakt med [Vestland fylkeskommune](#) for nærare informasjon.
- Merk at det ikkje blir gitt tilleggspong ved søknad om inntak til vidaregåande skule. Unntaket er tilleggspong for dugleik innanfor utdanningsprogramma Idrettsfag og Musikk, dans og drama.

Tilleggspong for dugleik ved inntak til Vg1 Musikk, dans og drama

Til Vg1 Musikk, dans og drama kan søkjarar som har dette som sitt første ønskje bli inviterte til prøvespel/dans.

Tilleggspong blir gitt etter følgjande skala;

3 poeng: Søkjaren viser dugleik utover gjennomsnittet.

6 poeng: Søkjaren viser dugleik som vidarekomen, og har eit stort potensiale.

9 poeng: Skal berre gjevast til søkjar som viser framifrå dugleik, og har eit uvanleg stort potensiale.

Søkjarar til Drama får ikkje høve til å få tilleggspong, men her har dei fleste søkjarane fått plass dei siste åra.

Tilleggspong for dugleik ved inntak til Vg1 Idrettsfag

Til Vg1 Idrettsfag kan det gjevast tilleggspong etter følgjande skala;

3 poeng: Regionalt nivå

5 poeng: Landslagsnivå

7 poeng: Internasjonalt nivå

Dokumentasjon skal sendast til den skulen du har som første ønskje. Her får du også nærare informasjon om kva som skal til for å få tilleggspong.

Uttekslingslevar som skal inn i Vg3, skuleåret 2020/2021

Dersom ein har fått godkjent at Vg2 i utlandet kan godkjennast som inntaksgrunnlag til Vg3 i Norge, kan ein søkje heilt vanleg på [vigo.no](#). Ein vil som hovudregel få plass ved same skule som i Vg1 dersom ein sjølv ønskjer det.

Elevar i Vg2, skuleåret 2019/2020, vil ha førerrett til inntak ved same skule i Vg3, skuleåret 2020/2021. Dersom det er for mange søkjarar (uttekslingslevar) i høve til plassar, vil karakterane frå Vg1 bli poenggeevande til Vg3.

REGLAR FOR SØKJARAR BUSETT I TIDLEGARE SOGN OG FJORDANE

Ferdigheitsprøve ved søking til Vg1 musikk, dans og drama ved Firda vidaregåande skule

For inntak til Vg1 Musikk, dans og drama er det slik at inntil 50 prosent av plassane ved alle tre retningane, musikk, dans og drama, kan tildelast på grunnlag av opptaksprøve i tillegg til karakterpoeng.

Dersom du haker av for «ønsker ferdigheitsprøve» på vigo.no vil du bli kontakta av Firda vidaregåande skule. Det blir arrangert ferdigheitsprøve berre når det er stor søknad. Berre dei som har musikk, dans og drama som første ønske får tilbod om ferdigheitsprøve.

Påbygging til generell studiekompetanse etter bestått fag- eller yrkeskompetanse

Du som har bestått fag- eller yrkeskompetanse etter 1. januar 2014 har rett på opplæringstilbod som gir deg studiekompetanse. Årdal vidaregåande skule har påbyggingstilbod som er lagt til rette for deg som har bestått fag- eller yrkeskompetanse og her har du rett på ein plass dersom du søker. (PBPBY4YK--).

For skuleåret 2020/2021 er det i tillegg sett av 5 plassar i dei ordinære klassane for påbygging til generell studiekompetanse, til dei som har bestått fag- eller yrkeskompetanse. Det er dei vidaregåande skulane Dale, Hafstad, Flora og Eid som har Vg3 påbygging til generell studiekompetanse.

Sjølv om du søker ein av desse fem plassane, har du ikkje rett på ein plass her. Du vil konkurrere, med karakterane frå Vg2, med dei andre søkjarane som også har rett til påbygging etter yrkeskompetanse.

Dersom du vil vere sikker på at du får skuleplass på Vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse må du i tillegg søke Årdal vidaregåande skule.

Ordningar for potensielle toppidrettsutøvarar

Det er to ordningar for potensielle toppidrettsutøvarar ved fylkeskommunale skular i tidlegare Sogn og Fjordane.

Dersom du søker om å få delta i ei av ordningane for potensielle toppidrettsutøvarar må du føre det opp som første ønske på søknaden din.

Definisjonen på potensielle toppidrettsutøvarar er:

Framtidige toppidrettsutøvarar skal kunne dokumentere at dei driv prestasjonsutvikling ved å følgje ei langsiktig utviklingstrapp som tek sikte på å føre utøvaren fram til internasjonalt toppidrettsnivå. Utviklingstrappa skal med utgangspunkt i særiddrettane sine spesifikke arbeidskrav, beskrive alle element som inngår i ein heilskapleg utvikling av unge utøvarar.

Spissa idrettstilbod i vidaregåande skule for potensielle toppidrettsutøvarar

Ordninga gjeld alle tre årssteg i desse idrettane:

- Fotball på Sogndal vidaregåande skule
- Volleyball på Hafstad vidaregåande skule

Det er inntil fem plassar pr. idrett pr. trinn. Det er ein føresetnad for full deltaking i det spissa idrettstilbodet at du søker utdanningsprogramma Idrettsfag eller Studiespesialisering.

Vestland Idrettskrets vurderer og gjer formelt vedtak om kven som kan definerast som potensielle toppidrettsutøvarar. Ein må leggje ved skriftleg dokumentasjon frå særkrets/klubb som grunnlag for denne vurderinga.

Etter at Vestland Idrettskrets har handsama og prioritert søkjarane vil dei få melding om resultatet av handsaminga frå Vestland fylkeskommune. Denne meldinga er ikkje svar på VIGO-søknaden om skuleplass.

Dersom du får plass i inntaket, og i tillegg vert definert som potensiell toppidrettsutøvar av Vestland Idrettskrets, vil du få tilbod frå skulen der du har søkt om å delta i ordninga.

Inntekne til andre utdanningsprogram kan etter avtale med skulen ta del i tilbodet dersom det ikkje medfører auka kostnader.

Du må velje «Idrettsordningar for potensielle toppidrettsutøvarar» på sida «Tilleggsopplysningar» på vigo.no. Utskrift av web-søknad, [søknadsskjema for potensielle toppidrettsutøvarar](#) og andre vedlegg

sender ein i eitt eksemplar til Olympiatoppen Vest, Postboks 6143, 5892 Bergen eller e-post vest-norge@olympiatoppen.no innan søknadsfristen.

Potensielle toppidrettsutøvarar

Denne ordninga gjeld idrettar som ikkje er omfatta av «Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle toppidrettsutøvarar»

Vestland Idrettskrets vurderer og gjer formelt vedtak om kven som kan definerast som potensielle toppidrettsutøvarar.

Følgjande skriftleg dokumentasjon er nødvendig:

- Dokumentasjon frå særkrets/klubb om at du har potensiale og resultat som viser at du kjem inn under definisjonen potensiell toppidrettsutøvar
- Avtale mellom klubb og fadder
- Stadfesting på at skulen kan leggje til rette på det programområdet du har søkt på

Etter at Vestland Idrettskrets har handsama og prioritert søkjarane vil du få melding om resultatet. Denne meldinga er ikkje svar på søknad om skuleplass.

Dersom du får plass i inntaket, og i tillegg vert definert som potensiell toppidrettsutøvar av Vestland Idrettskrets, vil du få tilbod frå skulen der du har søkt om å delta i ordninga.

Du må velje «Idrettsordningar for potensielle toppidrettsutøvarar» på sida «Tilleggsopplysningar» på vigo.no. Utskrift av web-søknad, [søknadsskjema for potensielle toppidrettsutøvarar](#) og andre vedlegg sender ein i eitt eksemplar til Olympiatoppen Vest, Postboks 6143, 5892 Bergen eller e-post vest-norge@olympiatoppen.no innan søknadsfristen.

International Baccalaureate (IB)

IB er eit toårig universitetsførebuande opplæringstilbod som bygger på greidd Vg1 frå eit studieførebuande utdanningsprogram. Eksamen frå IB-lina kvalifiserer for opptak ved dei fleste høgare lærestader i verda, med moglegheiter for spesielle «scholarships». Undervisninga er i hovudsak på engelsk.

Det er høve til å søkje IB ved UWC i Fjaler. Vestland fylkeskommune har avtale om å kjøpe inntil to plassar på Vg2 og to plassar på Vg3.

Meir informasjon på uwcrn.no eller Leonie Merts Koning på admissions@uwcrn.no / 57 73 70 04. Søkjarar til IB ved UWC i Fjaler skal ikkje nytte vigo.no.

Utvexlingslevar som skal inn i Vg3, skuleåret 2020/2021

Dersom ein har fått godkjent at Vg2 i utlandet kan godkjennast som inntaksgrunnlag til Vg3 i Norge, kan ein søkje heilt vanleg på vigo.no. Ein vil som hovudregel få plass ved same skule som ein gjekk i Vg1.

Søknadsfrist 1. februar.

SØKJARAR MED FORTRINNSRETT. SØKJARAR TIL INDIVIDUELL BEHANDLING. MINORITETSSPRÅKLEGE SØKJARAR.

Hovudregelen ved søknad om inntak til vidaregåande skule er at alle søker på grunnlag av karakterpoeng.

Ikkje alle har same føresetnader for å bli tekne inn i den vidaregåande skulen med utgangspunkt i karakterpoenga sine. Nokre søkjarar har fortrinnsrett etter visse vilkår i opplæringslova, og tevlar ikkje om plass ut frå oppnådd poengsum. Det same gjeld søkjarar som skal takast inn etter individuell behandling. Søknadsfristen for begge desse søkjargruppene er 1. februar.

Søkjarane kan delast i tre grupper (Opplæringslova § 6-8):

- Søknad om fortrinnsrett.
- Søknad om individuell behandling.
- Minoritetsspråklege søkjarar som har enkeltvedtak om særskild språkopplæring, og søkjarar som nyleg er komne til Norge.

Søknad om fortrinnsrett og individuell behandling

Sjå katalogen «[Informasjon om inntak til vidaregåande opplæring med søknadsfrist 1. februar](#)» for detaljert informasjon om m.a. søkjargrupper, søknadsskjema og vedlegg.

Minoritetsspråklege søkjarar

Vilkår for inntak til vidaregåande opplæring

Det er same kravet til minoritetsspråklege søkjarar som til norskspråklege søkjarar. Det betyr at du må kunne dokumentere eit av krava nedanfor.

- Gjennomgått norsk grunnskule
- Gjennomgått grunnskuleopplæring i eit anna land i minimum 9 år (sjå §6-13 i forskrift til opplæringslova)
- Kunnskap og kompetanse på nivå med norsk grunnskule (realkompetansevurdering)
Kan ein ikkje dokumentere grunnskuleopplæring, skal bustadkommunen gjennomføre ein realkompetansevurdering for å sjå om søkjaren kvalifiserer til inntak til vidaregåande opplæring. Dersom søkjaren ikkje er kvalifisert til inntak, er det kommunen som skal gi grunnskuleopplæring før eleven kan bli tatt inn til vidaregåande opplæring

Vitnemål må vere omsett til norsk eller engelsk, og karakterskala må følgje med. Søkjarar som kjem til Noreg etter søknadsfristen 1. februar, må straks ta kontakt med [Vestland fylkeskommune](#) for informasjon og eventuelt utfylling av søknadsskjema.

Oppholdsløyve

Ein må i utgangspunktet ha lovleg opphald i Norge for å kunne søkje vidaregåande opplæring.

Lovleg opphald betyr som hovudregel at ein har fått innvilga fast eller mellombels opphald. Ein har også lovleg opphald dersom ein kan dokumentere at ein har klaga på avslag på oppholdsløyve. Elevar som er tatt inn i vidaregåande opplæring har ikkje rett til å fullføre skuleåret dersom søknad om opphald er avslått.

Følgjande søkjarar skal søkje 1. februar (sjå § 6-8 i forskrift til opplæringslova):

- Søkjarar under 25 år med enkeltvedtak om særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8 eller § 3-12.
- Søkjarar under 25 år som nyleg er komne til Noreg og enten har dokumentasjon om fullført norsk grunnskule, grunnskuleopplæring frå heimlandet eller godkjent grunnskuleopplæring gjennom realkompetansevurdering frå kommunen (sjå forskrift § 6-24).

For søkjarar frå EU/EØS land er vilkåra for å søkje vidaregåande opplæring oppfylte dersom ein kan dokumentere fullført grunnskule. Vitnemål må vere omsett til norsk eller engelsk, og karakterskala må følgje med.

Norskunnskapar

Det er ikkje krav til norskunnskapar for å få plass i vidaregåande opplæring, men det er viktig for at ein skal ha føresetnader for å kunne fullføre vidaregåande opplæring.

Rett til særskilt språkopplæring

Dersom ein er elev i vidaregåande opplæring og har anna morsmål enn norsk eller samisk har ein rett til særskild språkopplæring fram til ein har tilstrekkelege kunnskapar i norsk til å følgje den vanleg opplæringa i skulen. Om nødvendig har ein også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Det er skulen som gjennom kartlegging avgjer om ein fyller kriteria for særskilt språkopplæring.

Innsøking

Minoritetsspråklege søkjarar skal søkje på vigo.no. I tillegg skal ein fylle ut [digitalt vedleggsskjema](#) som ein finn på nettsida til Vestland fylkeskommune.

Om ein ikkje har norsk fødsels- og personnummer (11 siffer) må ein kontakte [Vestland fylkeskommune](#).

Vedlegg til søknad

Ein må sende dokumentasjon på skulebakgrunn tilsvarande norsk grunnskule, eller at ein har kunnskap og kompetanse på nivå med norsk grunnskule.

Søkjarar frå EU/EØS-land må leggje ved kopi av personopplysningar frå passet og kopi av vitnemål frå heimlandet.

Meir informasjon

Gå inn på vilbli.no. Her finn ein informasjon på mange språk.

SPESIELLE REGLAR FOR MINORITETSSPRÅKLEGE SØKJARAR I TIDLEGARE HORDALAND

Tilbod organisert for minoritetsspråklege elevar

Alle elevar med fullført grunnskule eller tilsvarande opplæring har rett til å søkje seg til ordinær Vg1 innan eitt eller fleire utdanningsprogram, jf. opplæringslova § 3-1. Fylkeskommunen har dessutan tilbod om innføringsklasser som er særskilt lagt til rette for søkjarar med minoritetsspråkleg bakgrunn:

Innføringstilbod før Vg1

Dette tilbodet er tiltenkt minoritetsspråklege søkjarar som har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1, men som ikkje har gode nok norskunnskapar til å følgje opplæringa i eit ordinært utdanningsprogram. Elevane får opplæring som skal førebu dei på innhald og nivå i Vg1. Det vert lagt stor vekt på å styrkje kompetansen i norsk gjennom alle fag. Det er utarbeidd eigen læreplan for innføringsklassene som byggjer på element frå læreplanar for grunnskulen og vidaregåande skule. Planen omfattar faga norsk, samfunnsfag, engelsk, matematikk, naturfag og kroppsøving og omtalar to kompetansenivå i kvart av faga.

Innføringstilbodet skal betre føresetnadene for å følgje opplæringa i Vg1, og det vil høve for alle elevar enten dei har planar om å starte på ei studieførebuande eller ei yrkesfagleg utdanning året etter. Dei enkelte skulane tilbyr ulike utdanningsprogram, og dei kan med kvar sin profil gje elevane ein smak på dei faga som vil møte dei etter innføringstilbodet. Det betyr at innføringstilbodet vil ha ei litt anna innretning på ein skule enn på ein annan. Ein kan ta omsyn til dette når ein søker skule.

Dersom søkjaren har tenkt å starte på eit yrkesfagleg utdanningsprogram neste skuleår er det innføringstilbod på Årstad vidaregåande skole eller Voss gymnas som er mest aktuelle.

Dersom søkjaren har tenkt å starte på eit studieførebuande utdanningsprogram neste skuleår er det innføringstilbod på Bergen Katedralskole og Voss gymnas som er mest aktuelle.

Føresetnaden for inntak er at søkjar har grunnopplæring frå heimlandet eller vitnemål frå norsk grunnskule.

Elevar som går i innføringstilbod, brukar ikkje av retten til vidaregåande opplæring. Fylkeskommunen gjev dei likevel fulle rettar etter opplæringslova også for dette året, mellom anna rett til spesialundervisning. Elevar som går i innføringstilbod, kan søkje om plass på Vg1 neste år på lik linje med andre elevar.

Kombinasjonsklasse

Elevar som søker innføringstilbod før Vg1, kan få tilbod om å gå i kombinasjonsklasse saman med minoritetsspråkleg ungdom som primært skal nå kompetansekrava for 10. klasse i grunnskulen. Dette betyr at du har høve til å ta grunnskuleeksamen. Eit slikt tilbod er absolutt frivillig og vil berre vere tilgjengeleg på skular der det er tilstrekkeleg mange interesserte elevar. Dersom du søker innføringskurs, vil du få ei vurdering av om tilbodet i ein kombinasjonsklasse passar for deg. Det er ikkje råd å søkje direkte til kombinasjonsklasse.

Elevar som går i kombinasjonsklasse, brukar ikkje av retten til vidaregåande opplæring. Fylkeskommunen gjev dei likevel fulle rettar etter opplæringslova også for dette året, mellom anna rett til spesialundervisning. Elevar som går i kombinasjonsklasse, kan søkje om plass på Vg1 neste år på lik linje med andre elevar.

Vg1 Helse- og oppvekstfag for minoritetsspråklege

Tilbodet er tenkt for søkjarar som har for lite kunnskapar i norsk til å kunne gå i eit ordinært utdanningsprogram på Vg1, men som har ein del norskkunnskapar. Tilbodet skal kome elevar i møte som alt har bestemt seg for Helse- og oppvekstfag. Programmet har ekstra tilrettelagt norskopplæring i tillegg til opplæring i dei andre faga.

Etter fullført og bestått Vg1 Helse- og oppvekstfag for minoritetsspråklege, kan det søkjast om inntak til ordinære Vg2-kurs ved utdanningsprogram Helse- og oppvekstfag.

Vg1 Studiespesialisering for minoritetsspråklege

Tilbodet er tenkt for søkjarar som har for lite kunnskapar i norsk til å kunne gå i eit ordinært utdanningsprogram på Vg1, men som har ein del norskkunnskapar. Tilbodet skal kome elevar i møte som alt har bestemt seg for Studiespesialisering. Programmet har ekstra tilrettelagt norskopplæring i tillegg til opplæring i dei andre faga.

Etter fullført og bestått Vg1 Studiespesialisering for minoritetsspråklege, kan det søkjast om inntak til ordinære Vg2-kurs ved utdanningsprogram Studiespesialisering.

SPESIELLE REGLAR FOR MINORITETSSPRÅKLEGE SØKJARAR I TIDLEGARE SOGN OG FJORDANE:

Tilbod til søkjarar med kort butid i Norge

Alle kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane har samarbeidsavtale med fylkeskommunen om å tilby opplæringstilbodet «kombinasjonsklasser». Tidlegare kalla «Grunnskule for minoritetsspråkleg ungdom», eller GMU. Dette tilbodet passer for den som treng meir opplæring i grunnskulefaga på norsk før ein byrjar i ordinær vidaregåande opplæring.

Skuleåret 2020-2021 kan ungdom mellom 16-24 år med adresse i kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane søkje seg til tilbodet. Kombinasjonsklasser gjev opplæring og eksamen i 5 grunnskulefag, og ein vil kunne nytte dei nye karakterane ved innsøking til vidaregåande opplæring. Opplæringa føregår på ein vidaregåande skule, og klassen er ein del av det vidaregåande skulemiljøet på lik linje med andre tilbod på vidaregåande.

Kvar det vert sett i gang kombinasjonsklasser/grupper vert avklara etter 1. mars. Dersom det ikkje kjem i gang på den næraste vidaregåande skule kan ein få tilbod på ein anna skule. Har ein grunnskulevitnemål frå før, kan ein delta i det ordinære inntaket til Vg1.

Dette må ein hugse før ein søkjar:

Søkjarar til kombinasjonsklasser skal **ikkje** søke i VIGO, fyll ut [digitalt skjema](#) som ein finn på nettsida til Vestland fylkeskommune.

Du må vere mellom 16–24 år.

- Frist for å søkje er 1. mars.
- Du må kunne dokumentere A2-nivå på Kompetanse Norge si norskrøve innan 25. juni. Søkjarar under 18 år kan også sende ein individuell vurdering frå norsklærer.
- Dersom du har norsknivå under B1 anbefaler vi difor å vurdere alternative opplæringstilbod som GMU – grunnskule for minoritetsspråklege søkjarar, eller anna opplæring i kommunen din.
- Om du er asylsøkjar mellom 16–18 år kan du ta kontakt med [Vestland fylkeskommune](#) for papirskjema.

For spørsmål og meir informasjon om opplæringstilbodet «kombinasjonsklassar», ta kontakt med Yrla Klein på e-post yrkla.klein@vlfk.no

Oversyn over kva skular som har dei ulike tilboda

Alle som er busett i Vestland fylke kan søkje skuleplass i heile fylket, men vil få førerrett til skular i det området ein bur. Det betyr at dersom ein bur i tidlegare Hordaland vil ein få førerrett til skulane som ligg i tidlegare Hordaland. Det same gjeld for dei som bur i tidlegare Sogn og Fjordane. Dei vil få førerrett til skulane som ligg i dette området.

Sjå side 22 om ordinære fylkesdekkande tilbod, side 23 om spesielle fylkesdekkande tilbod og side 26 om tilbod i utlandet i regi av dei vidaregåande skulane i Vestland.

Opplæringstilbod innan studieførebuande utdanningsprogram/programområde finn ein [her](#).

Opplæringstilbod innan yrkesfaglege utdanningsprogram/programområde finn ein [her](#).

Påbygg til generell studiekompetanse ligg under yrkesfaglege tilbod.

Fargekodar i tabellane:

Skular i tidlegare Hordaland

Skular i tidlegare Sogn og Fjordane

Private vidaregåande skular (friskular) som er med i inntak gjennom VIGO. Sjå side 33.

- = Tilbod med førerrett til inntak i eiga område
- = Fylkesdekkande tilbod
- = Landslinje/landsdekkande tilbod

Fylkesdekkande tilbod ved dei vidaregåande skulane i Vestland

Tilboda nedanfor er fylkesdekkande. Det betyr at alle søkjarar frå Vestland fylke stiller likt ved inntak til desse tilboda.

ORDINÆRE FYLKESDEKKANDE TILBOD

Design og handverk

Årstad vidaregåande skole
Årstad vidaregåande skole

Vg2 Blomsterdekoratør
Vg2 Design og tekstil

Årstad vidaregåande skole
Årstad vidaregåande skole

Vg3 Interiør
Vg3 Kjole og draktsyarfaget (fagopplæring i skole)

Elektrofag

Laksevåg og Bergen maritime videreg.skole

Vg3 Maritim elektrikar

Helse- og oppvekstfag

Årstad vidaregåande skole

Vg2 Hudpleiar

Årstad vidaregåande skole
Åsane vidaregåande skole
Åsane vidaregåande skole
Åsane vidaregåande skole

Vg3 Hudpleiar
Vg3 Apotekteknikk
Vg3 Tannhelsesekretær
Vg3 Helsesekretær

Naturbruk

Stend vidaregåande skule
Stend vidaregåande skule
Stend vidaregåande skule
Voss vidaregåande skule

Vg1 Naturbruk med anleggsgartnar
Vg1 Naturbruk med dyrefag
Vg1 Naturbruk med friluftsliv
Vg1 Naturbruk med friluftsliv (villmarksliv)

Stend vidaregåande skule
Stend vidaregåande skule
Stend vidaregåande skule
Stend vidaregåande skule
Voss vidaregåande skule

Vg2 Anleggsgartnar og idrettsanlegg
Vg2 Landbruk og gartnarnæring med dyrehelse
Vg2 Landbruk og gartnarnæring med friluftsliv
Vg2 Landbruk og gartnarnæring med hundefag
Vg2 Landbruk og gartnarnæring med friluftsliv (villmarksliv)

Restaurant- og matfag

Sandsli vidaregåande skole

Vg2 IKT-Matfag

Service og samferdsel

Amalie Skram vidaregåande skole
Stord vidaregåande skule
Voss gymnas

Vg2 IKT-servicefag
Vg2 IKT-servicefag
Vg2 IKT-servicefag

Teknikk og industriell produksjon

Os vidaregåande skule
Voss vidaregåande skule
Laksevåg og Bergen maritime videreg.skole
Slåtthaug vidaregåande skole
Voss vidaregåande skule

Vg2 Arbeidsmaskinar
Vg2 Arbeidsmaskinar
Vg2 Brønnteknikk
Vg2 Bilskade, lakk og karosseri
Vg3 Landbruksmekanikar

SPESIELLE FYLKESDEKKANDE TILBOD

Bergen Katedralskole

Studiespesialisering med førebuande IB (pre-IB), Vg1

Dette er eit tilbod til elevar som vurderer å søkje om inntak til International Baccalaureate (IB) etter Vg1 Studiespesialisering. Førebuande IB er vanleg Vg1 Studiespesialisering der ein følgjer norske læreplanar og fagval. Det meste av undervisninga er på engelsk med erfarne IB-lærarar. Undervisninga vil vere innretta slik at ein blir kjent med opplegg og terminologi som blir brukt på IB. Ein vil få eit godt grunnlag til å bestemme om ein til neste år ønskjer å gå vidare på IB i Vg2, eller ordinær Vg2 studiespesialisering. Tilbodet er sjølvstøtt og opne for alle søkjarar frå Vestland fylke, og betyr at ein ikkje treng å skifte skule dersom ein vil søkje IB til neste år.

Tilbodet har eigen programområdekode på vigo.no. Fleire opplysningar finn ein på skulen si [heimeside](#).

Bergen Katedralskole, avd. Kyrre skole

Bergen Katedralskole, avd. Kyrre, er eit skuletilbod for ungdom med psykiske vanskar. Vi tilbyr plass til elevar med formell rett til vidaregåande opplæring. Søknaden skal registrerast på vigo.no innan 1. februar. I tillegg må det fyllast ut eit digitalt skjema om individuell behandling.

Fleire opplysningar finn ein på skulen si [heimeside](#).

Laksevåg og Bergen maritime videregående skole

Tre-årig elektrofag med spesiell studiekompetanse

Dette er eit tilbod som er spesialtilpassa elevar frå ungdomsskulen som t.d. ønskjer å bli ingeniør, og der elevane alt frå første året i vidaregåande skule får opplæring som førebur dei på dette.

Gjennom det 3-årige utdanningsløpet får elevane praksisnær opplæring og utplassering i bedrift, i tillegg til teoriundervisning innanfor utdanningsprogramma Elektrofag og Studiespesialisering.

I utgangspunktet må elevane gå alle tre åra på Laksevåg og Bergen maritime videregående skole. Etter dei tre åra får elevane spesiell studiekompetanse, og kan søkje høgskular og universitet som krev slik utdanningsbakgrunn, t.d. ingeniørstudiet.

Tilbodet er fagleg krevjande. Søkjarar bør difor ha rimeleg gode karakterar frå ungdomsskulen og vere interesserte både i teoretiske og praktiske fag.

Tilbodet har eigen programområdekode på vigo.no. Fleire opplysningar finn ein på skulen si [heimeside](#).

Nordahl Grieg videregående skole og Olsvikåsen videregående skole

Treårig Helse- og oppvekstfag med studiekompetanse

Dette er eit treårig tilbod for elevar frå ungdomsskulen som ynskjer eit praksisretta løp innan Helse- og oppvekstfag. Opplæringa har same fag og tal timar som summen av eit ordinært toårig yrkesfagleg løp og Vg3 påbygg. Fellesfag, programfag og utplassering i praksis blir då jamt fordelt over alle tre åra slik at ein unngår eit teoritungt påbyggingsår på Vg3.

Elevane må i utgangspunktet gå alle tre åra på den skulen der dei blir tatt inn til Vg1, men kan skifte til den andre skulen i Bergen som har dette utdanningstilbodet. Etter endt løp oppnår elevane generell studiekompetanse og kan søkje direkte til høgskule eller universitet. Etter Vg3 kan ein alternativt også velje å ta fagbrev og deretter jobbe som fagarbeidar før ein eventuelt går vidare til høgare utdanning.

Tilbodet har eigen programområdekode på vigo.no. Fleire opplysningar finn ein på heimesidene til [Nordahl Grieg videregående skole](#) og [Olsvikåsen videregående skole](#).

Sotra vidaregåande skule

Teknologifag på alle årssteg – Studiespesialisering

Dette tilbodet kombinerer praktisk og teoretisk utdanning innanfor Studiespesialisering.

Etter dei tre åra får elevane utdanning innanfor teknologiske fag som fører fram til at ein kan søkje høgskular og universitet som t.d ingeniør, sivilingeniør eller andre tekniske/naturvitenskaplege utdanningar.

Tilbodet har eige programområdekode under Studiespesialiserande utdanningsprogram i vigo.no. Fleire opplysningar finn ein på skulen si [heimeside](#).

4-årig yrkes- og studiekompetanse («YSK-modellen»)

Denne utdanninga fører i løpet av 4 år fram til både studiekompetanse og fagbrev. Dei to første åra har ein status som elev, og går tre dagar på skule og arbeider to dagar i bedrift. Dei to siste åra har ein status som lærling med lærekontrakt. Tredje året er fordelinga mellom skule/bedrift som i dei to første, medan ein er i bedrift 3 dagar i veka det siste året.

Merk at dei som får plass skriv lærekontrakt med ei bedrift. Det er bedrifta som tilset lærlingane. Dette treng ikkje vere dei søkjarane som har høgast poengsum frå ungdomsskulen. Ordinært poenginntak gjeld difor ikkje til «YSK-klassane». Som hovudregel er karakternivået for å få plass godt over gjennomsnittet for dei aktuelle utdanningsprogramma.

Følgjande skular i Vestland fylke har **fylkesdekkande** tilbod innan YSK-opplæring:

Fusa vidaregåande skule	Restaurant og matfag
Knarvik vidaregåande skule	Bygg- og anleggsteknikk
Knarvik vidaregåande skule	Elektrofag

Tilboda har eigne programområdekodar under dei aktuelle utdanningsprogramma (Vg1) i vigo.no. Fleire opplysningar finn ein på heimesidene til [Fusa vidaregåande skule](#) og [Knarvik vidaregåande skule](#).

Toppidrettstilbod – Olympiatoppen Vest-Norge

Tertnes vidaregåande skule, Voss gymnas og Åsane vidaregåande skule*

(*Informasjon som er gitt nedanfor når det gjeld Åsane vidaregåande skule er gitt med atterhald)

Tilbodet er resultatet av eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune, Olympiatoppen Vest-Norge, Tertnes vidaregåande skule, Åsane vidaregåande skule og Voss gymnas.

Sommaridrettane vil ha tilbodet sitt på Tertnes vidaregåande skule og Åsane vidaregåande skule, og vinteridrettane på Voss gymnas.

Tilbodet er retta mot elevar som ønskjer å satse for fullt på idretten sin. I skuletida vil elevane få trene mellom 10–12 timar i veka. Dessutan deltar skieelevane på fire vekesamlingar kvart år. Skulane har lagt til rette for eit tett samarbeid med klubbane på kveldstid. Elevane vil også få tilbod om dags- og temasamlingar.

Olympiatoppen Vest-Norge har det idrettsfaglege ansvaret, og skal kvalitetssikre trenarar og utøvarar i samarbeid med dei einskilde særkretsane.

Toppidrettstilbodet for sommaridrettane er ein del av Studiespesialisering ved Tertnes vidaregåande skule, som tilbyr alle programområda i Vg2 og Vg3.

Toppidrettstilbodet på Åsane vidaregåande skule er ein del av det yrkesfaglege tilbodet innanfor utdanningsprogrammet Bygg- og anleggsteknikk. På Vg2 må du velje programområdet Byggteknikk.

Toppidrettstilbodet for vinteridrettane er ein del av utdanningsprogram for Idrettsfag på Voss gymnas.

Målet for dette toppidrettstilbudet er å:

- leggje eit best mogeleg grunnlag for å nå gode internasjonale prestasjonar
- gjere det mogeleg for unge toppidrettsutøvarar å kombinere toppidrett med utdanning.
- skape eit godt læringsmiljø for elevar og lærarar.
- bidra til å få fram utøvarar til eit høgt idrettsleg nivå innanfor ei trygg ramme forankra i kjende omgjevnader.

Søknadsprosedyre

I tillegg til å registrere søknaden på vigo.no, skal ein sende eit informasjonsvedlegg til Olympiatoppen Vest-Norge. Her skal ein skrive litt om seg sjølv, treningsaktivitet og resultatane sine. Ein skal også skrive om kvifor ein meiner at toppidrettstilbudet er noko for seg, og om motivasjonen til å drive toppidrett samtidig som ein skal få eit best mogeleg vitnemål frå vidaregåande skule.

Vi rår til at ein tek kontakt med særkretsen innanfor sin idrett, for å få deira vurdering av kvalifikasjonane sine i høve til dei idrettslege krava som gjeld til toppidrettslinja.

Ein må også ha eit karaktergrunnlag frå ungdomsskulen som er rimeleg i samsvar med nedre poenggrense for det aktuelle utdanningsprogrammet.

Det er Olympiatoppen Vest-Norge som vurderer kvar einskild søknad til Toppidrettslinja. Her er det, i tillegg til det som er nemnt om kvalifikasjonar ovanfor, mange ulike kriterium for innstillinga. Talet på utøvarar frå same idrett kan t.d. måtte reduserast, eller at utøvarar som i utgangspunktet er kvalifiserte, må avvisast fordi det ikkje kan gjevast tilbod om den aktuelle idretten.

Inntak

Det endelege utvalet av elevar blir gjort av Olympiatoppen Vest-Norge i samarbeid med Vestland Fylkeskommune.

Tilbod om plass ved Toppidrettslinja blir gitt for eitt år om gongen. Olympiatoppen Vest-Norge vurderer og avgjer innan 1. mars i skuleåret, om eleven får halde fram året etter. Elevar som ikkje får halde fram ved Toppidrettslinja kan sjølvstøtt søkje seg vidare til ordinære Vg2 og Vg3-tilbod i den vidaregåande skulen.

Tilboda har eigne programområdekode under på vigo.no. Fleire opplysningar finn ein på heimesidene til [Tertnes vidaregåande skule](#), [Voss gymnas](#) og [Åsane vidaregåande skule](#).

TILBOD I UTLANDET I REGI AV DEI VIDAREGÅANDE SKULANE I VESTLAND

Vestland fylkeskommune tilbyr elevar *frå heile Vestland* eit kompetansejevande Vg2 tilbod i utlandet. Tilboda blir administrert av ein av skulane våre, som har ansvaret for oppfølging gjennom skuleåret. Ved inntak til Vg3, året etter Vg2 i utlandet, vil ein så langt som mogleg prøve å finne elevplass ved same skule som ein gjekk Vg1 i Norge. Tilboda er godkjent av Lånekassen i høve til stipend og lån.

Søknad om plass på eitt av tilboda nedanfor må registrerast som høgste prioriterte ønske på vigo.no. Søkjer ein fleire utanlandstilbod som ønske 2 eller 3 vil dette i praksis vere til lita nytte, og dårleg bruk av søknadsskjemaet, fordi det er svært sjeldan at andre enn dei som har det som første ønske, får plass/blir kalla inn til intervju.

Tilleggsskjema må sendast til den skulen som ein søker. Sjå skulane sine heimesider.

Inntaket til desse tilboda blir gjort på grunnlag av halvårskaraktarar i Vg1 (standpunktkaraktarar dersom ein alt er ferdig med Vg1), og intervju. Intervjua blir som hovudregel gjort på det språket dei snakkar i det landet ein ønskjer å reise til.

Amalie Skram videregående skole

Vg2 Studiespesialiserande i Skottland

Tilbodet rettar seg mot elevar frå heile Vestland som går på (er ferdige med) Vg1 Studiespesialiserande utdanningsprogram. Inntil 10 elevar med ungdomsrett i Vestland fylke kan få plass ved St. David's High School, som ligg i byen Dalkeith om lag 20 minuttar frå Edinburgh. Elevane bur privat i vertsfamiliar.

Elevane vil bli følgde opp av ein kontaktperson frå Amalie Skram videregående skole og ein kontaktperson ved den skotske skulen. Amalie Skram videregående skole vil vitje skulen og elevane fleire gonger i året.

Tilbodet har eige programområdekode under Vg2 Studiespesialiserande utdanningsprogram på vigo.no, og du kan velje mellom Realfag og Språk, samfunnsfag og økonomi (du treng berre søkje eitt av desse programma, og har ikkje noko større sjanse for å kome med om du søker begge). Fleire opplysningar finn du på skulen si [heimeside](#).

Askøy videregående skole

Vg2 Studiespesialiserande i Erfurt, Tyskland

Tilbodet rettar seg mot elevar i heile Vestland fylke som går på (eller er ferdig med) Vg1 studiespesialisering. Inntil seks elevar som har ungdomsrett i Vestland fylke kan få plass ved Albert Schweitzer Gymnasium i Erfurt, Tyskland, i eitt skuleår. Søklarane **må** ha hatt tysk som framandspråk både frå ungdomsskulen og frå Vg1 studiespesialiserande utdanningsprogram.

Elevane bur på internat som er knytt til skulen, og blir følgde opp av ein kontaktperson frå Askøy videregående skole og ein kontaktperson ved Albert Schweitzer Gymnasium. Askøy videregående skole vil vitje samarbeidsskulen og elevane fleire gonger i året.

Tilbodet har eige programområdekode under Vg2 Studiespesialisering på vigo.no, og du kan velje om du vil søkje Realfag eller Språk, samfunnsfag og økonomi (du treng berre søkje eitt av desse programområda, og har ikkje noko større sjanse for å kome med sjølv om du søker begge). Fleire opplysningar finn du på skulen si [heimeside](#).

Vg2 Elektrofag i Erfurt, Tyskland

Tilbodet rettar seg mot elevar frå heile Vestland fylke som går (eller er ferdig med) Vg1 Elektrofag.

Inntil ni elevar som har ungdomsrett i Vestland fylke kan få plass ved Andreas Gordon Schule i Erfurt, Tyskland. Elevane går på Askøy videregående skole fram til oktober, og er i Tyskland fram til mai året etter. Den siste månaden av skuleåret har ein undervisning på Askøy videregående skole. Dette omfattar også utplassering i bedrift to dagar i veka.

Elevane bur på internat som er knytt til skulen. Det er lagt inn ein praksisperiode på tre-fire veker i ei bedrift den tida ein er i Tyskland.

Elevane blir følgde opp av ein kontaktperson frå Askøy vidaregåande skole og ein kontaktperson ved Andreas Gordon Schule. Askøy vidaregåande skole vil vitje samarbeidsskulen og elevane fleire gonger i året. Tyskland er Norge sin viktigaste samarbeidspartnar på mange område. Dei elevane som har hatt dette skuleåret i Tyskland er attraktive lærlingar når dei kjem tilbake til Norge.

Tilbodet har eige programområdekode under Vg2 Elektrofag på vigo.no. Du kan velje om du vil søkje Automatisering, Data og elektronikk eller Elenergi på Vg2 (du treng berre søkje eitt av programområda, og har ikkje noko større sjanse for å kome med sjølv om du søker alle tre). Fleire opplysningar finn du på skulen si [heimeside](#).

Knarvik vidaregåande skule

Vg2 Studiespesialiserande i Wales

Dette tilbodet rettar seg mot elevar frå heile Vestland fylke som går på (eller er ferdige med) Vg1 Studiespesialisering. Inntil 20 elevar med ungdomsrett i Vestland fylke kan gå eitt skuleår på ein av våre fem samarbeidsskular i Wales, Storbritannia. Elevane bur i private vertsfamiliar heile skuleåret.

Elevane blir følgde opp av ein kontaktperson frå Knarvik vidaregåande skule og kontaktpersonar ved samarbeidsskulane i Wales. Knarvik vidaregåande skule vil vitje samarbeidsskulane og elevane fleire gonger i året.

Tilbodet har eige programområdekode under Vg2 Studiespesialisering på vigo.no, og du kan velje om du vil søkje Realfag eller Språk, samfunnsfag og økonomi (du treng berre søkje eitt av programområda, og har ikkje noko større sjanse for å kome med sjølv om du søker begge). Fleire opplysningar finn du på skulen si [heimeside](#).

Kvam vidaregåande skule, avdeling Øystese

Vg2 Studiespesialiserande i Missouri, USA

Tilbodet rettar seg mot elevar frå heile Vestland fylke som går på (eller er ferdige med) Vg1 Studiespesialisering. Inntil 25-30 elevar med ungdomsrett i Vestland fylke kan gå eitt skuleår på St. Paul Lutheran High, School, Condordia, Missouri. Elevane bur på internat.

Elevane blir følgde opp av ein kontaktperson både frå Kvam vidaregåande skule og skulen i USA. Kvam vidaregåande skule vil vitje skulen fleire gonger i løpet av skuleåret, og gjennomføre videokonferansar.

Tilbodet har eige programområdekode under Vg2 Studiespesialisering på vigo.no, og du kan velje om du vil søkje Realfag eller språk, samfunnsfag og økonomi (du treng berre søkje eitt av programområda, og har ikkje noko større sjanse for å kome med sjølv om du søker begge). Fleire opplysningar finn du på skulen si [heimeside](#).

Voss gymnas

Vg2 Studiespesialiserande, i Normandie, Frankrike

Dette tilbodet rettar seg mot elevar frå heile Vestland fylke som går på (eller er ferdige med Vg1) Studiespesialisering. Inntil 10 elevar med opplæringsrett (Ungdomsrett) i Vestland fylke kan gå eitt skuleår på ein av våre fem samarbeidsskular i Normandie, Frankrike. Elevane bur på internat i vekedagane, og hos vertsfamiliar i helgene. Søklarane **må** ha hatt fransk både frå ungdomsskulen og frå Vg1 Studiespesialisering.

Elevane blir følgde opp av ein kontaktperson frå Voss gymnas og ein kontaktperson ved samarbeidsskulane i Noramndie. Voss gymnas vil vitje samarbeidsskulane fleire gonger i året.

Tilbodet har eige programområdekode under Vg2 Studiespesialisering på vigo.no, og du kan velje om du vil søkje Realfag eller Språk, samfunnsfag og økonomi (du treng berre søkje eitt av programområda, og har ikkje noko større sjanse for å kome med sjølv om du søker begge). Fleire opplysningar finn du på skulen si [heimeside](#).

Tilbod i utlandet i regi av Danielsen Videregående Skole (friskule)

Vg2 Studiespesialiserande, i Minnesota eller Ohio, USA

Dette tilbudet gjeld kun for elevar som går på Vg1 studiespesialiserande utdanningsprogram på Danielsen Videregående Skole.

Tilbudet er godkjent hos SIU (Senter for internasjonalisering av utdanning).

Inntil 30 elevar kan få plass ved Hillcrest Lutheran Academy som ligg i byen Ferugs Falls i Minnesota (sjå www.ffhilcrest.org). Her bur elevane på internat. Inntil 4 elevar kan få plass ved Cuyahoga Valley Christian Academy, som ligg i nærleiken av byen Cleveland i Ohio (sjå www.cvcroyals.org). Elevane bur her privat i vertsfamiliar. Til saman får 30 elevar tilbod om plass på dei to skulane.

Elevane blir følgde opp av lærarar frå Danielsen Videregående Skole og dei amerikanske skulane. Gjennom skuleåret vil både realfag, norsk- og historielærar vitje skulane for å undervise elevane i desse faga.

Elevar som går på Vg1 Studiespesialisering på Danielsen Videregående Skole og har eit ønske om å gå Vg2 i USA, søker i perioden desember–januar direkte til skulen.

Fleire opplysningar finn du på skulen si [heimeside](#).

Søknad om opplæring i bedrift

Ein som søker opplæring i bedrift kan anten søkje om å bli lærling eller lærekandidat.

- Dersom ein tek sikte på fag- eller sveineprøve i eit lærefag, kan ein teikne lærekontrakt med ei lærebedrift. Då er ein lærling.
- Dersom ein tek sikte på ein mindre omfattande prøve enn fag-/sveineprøve, ein kompetanseprøve, kan ein teikne opplæringskontrakt med ei lærebedrift. Då er ein lærekandidat.

Viser det seg i løpet av læretida at ein likevel kan oppnå yrkeskompetanse, kan opplæringskontrakten etter samtykke frå fylkeskommunen endrast til ordinær lærekontrakt med fag-/sveinebrev som mål.

I resten av teksten brukar vi lære plass både for lærlingar og lærekandidatar.

Innsøking

Ein søker på vigo.no på same måte som om ein søker skuleplass. Ein kan søkje lære plass og skuleplass i same skjema, men i prioritert rekkjefølgje. Dersom ein helst ønskjer lære plass fører ein det opp som første ønskje på søknaden. Sjansen for å bli kalla inn til intervju i ei bedrift aukar truleg dersom ein har lære plass som førsteprioritet.

Ved registrering av lære plassønskje i søkjarprofilen på vigo.no, kan ein skrive kort om arbeidserfaring, interesse for faget, sertifikat og liknande. I feltet lærefagønskje kan ein laste opp vedlegg, til dømes CV og informasjon om seg sjølv. Dette vil lære bedriftene få tilgang til gjennom vigo.no.

Har ein søkt skuleplass på lågare ønskje og takkar ja til tilbodet, får ein ikkje anna tilbod frå fylkeskommunen etter 3. inntaksgang, og blir tatt ut av formidlinga til lære plass (med atterhald om endring).

Vi rår sterkt til at ein, i tillegg til å søkje i Vigo, søker lære plass på eiga hand. Oppsøk lære bedriftene og send søknader til alle aktuelle lære bedrifter. Det viser seg kvart år at dei som er aktive sjølve, er dei første som får lære plass – ofte før ein er ferdig med Vg2 i skule.

Dei fleste som søker lære plass har gått Vg1 og Vg2 i eit yrkesfagleg utdanningsprogram. Sjå vestlandfylke.no for nærare informasjon. Ein kan og søkje ei lære bedrift om lære plass sjølv om ein ikkje har ungdomsrett.

Søkje lære plass direkte etter ungdomsskulen, eller etter Vg1

Ein kan også søkje lære plass direkte etter ungdomsskulen, eller etter Vg1, men dette må gjerast på eiga hand direkte til den bedrifta ein ønskjer. Ein må også registrere ønskje om skuleplass på vigo.no slik at ein får starte utdanninga si. Dersom ein ikkje søker vidaregåande skule etter grunnskulen eller Vg1, og ikkje får den lære plassen ein hadde trudd var på plass, kan ein stå utan utdanningstilbod til hausten.

Førehandsavtale om lære plass

Sjølv om ein har inngått avtale om lære plass, må ein registrere søknad på vigo.no innan søknadsfristen. Legg inn informasjon om at ein har førehandsavtale om lære plass.

Kontakt med bedrift

Karakterane og oversikt over fråvær blir gjort tilgjengeleg for bedriftene i VIGO Bedrift. På vigo.no ser søkjar kva for bedrifter som har fått søknaden. Søkjar må sjølv ta kontakt med desse og andre bedrifter der ein kan tenkje seg å være lærling.

Tips for å auke mogelegheitene til å få lære plass

Ta kontakt med aktuelle bedrifter. Tren på jobbintervju. Nytt praksisperiodane på skulen til å bli kjent med bedrifter som seinare kan verte aktuelle lære bedrifter. Bedriftene bestemmer sjølve kven dei vil ta inn som lærling.

Tilbod om læreplass

Etter at søknadsfristen har gått ut vil fylkeskommunen gjere godkjende søknader tilgjengelege for dei opplæringskontora/lærebedriftene som er godkjende for å ta imot lærlingar. Deretter kan ein bli kontakta av opplæringskontora/lærebedriftene for intervju. Det er bedriftene som avgjer kven dei ønskjer å tilsetje som lærling.

Viktig for bedriftene ved tilsetjing

Det å søkje læreplass er på mange måtar det same som å søkje ein ordinær jobb. Skriv ein kortfatta søknad og legg ved CV og eventuelt attestar. Lærebedriftene vil leggje særleg vekt på at ein har lite fråvær på vidaregåande skule. Bedrifta vil også sjå på karakterane, sjølv om fråværet ofte vil vere det viktigaste. Når ein kjem til intervju er det viktig å møte presis, leggje vekt på dei personlege eigenskapane, og ikkje minst vise interesse for det faget ein har valt.

Sjå meir om tilsetjingsintervju på vilbli.no.

Læreplass med stryk i nokre fag.

Ein kan bli lærling sjølv om ein har stryk, dersom bedrifta er interessert i å tilsetje ein. Men ein får ikkje fag-/sveinebrev før alle fag er bestått.

Rett til læreplass

Ein har ikkje rett til å få læreplass i eit bestemt fag eller i ei bestemt bedrift. Søkjarar med ungdomsrett har rett til sluttopplæring i skule (Vg3 fagopplæring i skule) slik at ein kan gå opp til fagprøve dersom ein ikkje får læreplass. Dersom ein innan 1. september ikkje har fått tilbud om læreplass, skal fylkeskommunen tilby Vg3 fagopplæring i skule.

Nei til tilbud om læreplass

Dersom ein takkar NEI til tilbud om læreplass vil ikkje fylkeskommunen sende søknaden til fleire bedrifter. Det vil bli registrert at ein har fått tilbud i samsvar med retten etter opplæringslova. Ein kan sjølvsagt halde fram med å søkje læreplass på eiga hand.

Informasjon om opplæring i bedrift. Oversikt over lærebedrifter.

På vilbli.no og utdanning.no finn ein mykje informasjon om opplæring i bedrift. I mange bransjar har bedrifter gått saman i eit opplæringskontor som samordnar inntak og opplæring av lærlingar og lærekandidatar. Oversyn over opplæringskontora og andre lærebedrifter finn ein under Lærebedrifter, opplæringskontor og medlemsbedrifter.

Sjå også «Formidlingskalendaren» side 8. Her finn du oversyn over kva som skjer i høve søknaden din, og når det skjer.

Påbygging til generell studiekompetanse etter bestått fag- og yrkesopplæring

Dei som har fullført fag- og yrkesopplæring i 2014 eller seinare får rett til plass ved Vg4 Allmennfagleg påbyggingskurs innan det året dei fyller 25 år. Dersom ein skal ta fagprøve innan utgangen av august, kan ein likevel søkje dette tilbudet. Ver likevel merksam på at søkjarar som allereie har bestått fagprøven vil bli prioritert ved inntak.

Generell informasjon

KVALIFISERING TIL NESTE NIVÅ UTAN Å HA BESTÅTT TIDLEGARE NIVÅ

Ny eksamen/privatisteksamen

Ein kan få hjelp til melde seg opp til ny eksamen ved å ta kontakt med den vidaregåande skulen ein har gått på etter skulestart.

Deltidselev

Ein søker skulen om inntak som deltidselev og vil bli teken inn dersom det er ledig plassar. Ta kontakt med aktuell vidaregåande skule etter 12. august.

ELEV-PC I OFFENTLEG VIDAREGÅANDE SKULE

Dei som startar på Vg1 hausten 2020 må skaffe seg ei datamaskin til skulestart. Ein kan nytte ei datamaskin ein eig sjølv, eller tinge ei gjennom fylkeskommunen sin innkjøpsavtale.

Meir informasjon om elev-PC ordninga, val av maskinvare og bestilling, finn ein på vestlandfylke.no.

SKULESKYSS

Etter opplæringslova § 7-2 har ein som elev i vidaregåande skule rett på gratis skuleskyss dersom avstanden mellom heim og skule (kortaste gangbare veg) er meir enn 6 km. Funksjonshemma elevar som har behov for skyss får dette uavhengig av avstanden. Behovet må dokumenterast med legeerklæring.

Om ein må ha båttransport har ein rett på gratis transport uavhengig av avstanden. Om ein går på privatskule med statstilskot har ein same rettane til skuleskyss som andre elevar.

Elevar i vidaregåande opplæring i særskilt tilrettelagt tilbod for vaksne etter opplæringslova kapittel 4 A3, har ikkje rett til gratis skuleskyss.

Elevar ved skular i tidlegare Hordaland som bur innanfor ungdomsbillettsonen må nytte ungdomsbillett til skuleskyssen, uavhengig av avstand mellom heim og skule. Elevar ved skular i tidlegare Sogn og Fjordane vil ha rett på gratis skuleskyss dersom avstanden mellom heim og skule er over 6 km. Meir informasjon finn ein på vestlandfylke.no.

STIPEND FRÅ LÅNEKASSEN

Utstyrsstipend

Er ein elev i vidaregåande skule og har ungdomsrett, kan ein få utstyrsstipend frå Lånekassen. Ein får stipendet same kor mykje foreldra tener, eller kor stor formue dei har, men ein må søkje om det. Sjå kor mykje ein kan få på lanekassen.no.

Når ein søker om utstyrsstipend, sjekkar Lånekassen automatisk om ein har rett til andre stipend i tillegg.

Lærlingar, lærekandidatar og praksisbrevkandidatar får ikkje utstyrsstipend, men kan ha rett til lån og andre typar stipend. Les meir om kva ein kan få på lanekassen.no.

Bustipend

Dersom ein må bu borte medan ein tek vidaregåande, kan ein få bustipend. Les meir på lanekassen.no.

Grunnstipend

Har familien særleg svak økonomi, kan ein få grunnstipend. Les meir på lanekassen.no.

Ein kan også ha rett til

- lån til skulepengar
- reisestipend
- forsørgjarstipend dersom ein har barn
- lån dersom ein er 18 år og ikkje bur saman med foreldra sine. Les meir på lanekassen.no.

Slik søker ein lån og stipend

Ein kan søkje om stipend via vigo.no når ein takkar ja til skoleplassen, eller på lanekassen.no. Ein bruker søknaden for vidaregåande opplæring. Ein får svar på søknaden på «Dine sider».

Les meir på lanekassen.no, og sjekk Lånekassen si side på Facebook for deg i vidaregåande skole, <https://www.facebook.com/lanekassen.vgs/>

Endra reglar i Lånekassen

Lånekassen har endra reglane for tildeling av støtte for dei som skal vere deltidselev.

No får alle elevar i vidaregåande opplæring med ungdomsrett fulltidsstøtte, uavhengig av kor stor kursprosent ein har. Det gjeld dei som er elev i vanleg vidaregåande opplæring eller lærling, og ein må ha ungdomsrett.

Oversyn over vidaregåande skular i Vestland

Amalie Skram vidaregåande skole	Måløy vidaregåande skule
Arna vidaregåande skule	Nordahl Grieg vidaregåande skule
Askøy vidaregåande skole	Odda vidaregåande skule
Austevoll vidaregåande skule	Olsvikåsen vidaregåande skole
Austrheim vidaregåande skule	Os gymnas
Bergen Katedralskole	Os vidaregåande skule
Laksevåg og Bergen maritime vidaregåande skole	Osterøy vidaregåande skule
Bømlo vidaregåande skule	Rubbestadnes vidaregåande skule
Dale vidaregåande skule	Sandli vidaregåande skule
Eid vidaregåande skule	Slåtthaug vidaregåande skole
Firda vidaregåande skule	Sogn Jord- og Hagebruksskule
Fitjar vidaregåande skule	Sogndal vidaregåande skule
Flora vidaregåande skule	Sotra vidaregåande skule
Fusa vidaregåande skule	Stend vidaregåande skule
Fyllingsdalen vidaregåande skole	Stord vidaregåande skule
Hafstad vidaregåande skule	Stryn vidaregåande skule
Høyanger vidaregåande skule	Tertnes vidaregåande skole
Knarvik vidaregåande skule	Voss gymnas
Kvam vidaregåande skule	Voss vidaregåande skule
Kvinnherad vidaregåande skule	Årdal vidaregåande skule
Langhaugen vidaregåande skole	Årstad vidaregåande skole
Mo og Øyrane vidaregåande skule	Åsane vidaregåande skule

Følgjande private vidaregåande skular (friskular) skal ein søkje på i [vigo.no](#)

Danielsen Videregående Skole
St. Paul Gymnas
Sygna Videregående Skule

Skular i Rogaland som kan søkjast av dei som bur i Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Kvinnherad og Odda

Desse tilboda kan søkjast av dei som har ungdomsrett og som bur i ein av følgjande kommunar; Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Kvinnherad og Odda.

Søknad til skular i Rogaland skal registrerast på [vigo.no](#). Når ein går inn på [vigo.no](#) kjem Vestland fylkeskommune som eit automatisk val. Under «Søknad til anna fylke» vel ein Rogaland.

Vestland fylkeskommune gir gjesteevengaranti slik at ein tevlar om plass på same vilkår som søkjarar frå Rogaland. Vilkåret er at ein har Ungdomsrett i Vestland fylke.

Vi oppmodar at ein i tillegg og søkjer om plass på skular i Vestland fylkeskommune.

I slike høve får ein inntaksmelding frå begge fylka, men vi vil oppmode om at ein berre takkar JA til plass i eit av fylka. Merk at inntaksmeldinga frå Vestland ofte kjem nokre dagar seinare enn frå Rogaland, og at det er ulike svarfristar.

Haugaland vidaregåande skole	Skeisvang vidaregåande skole
Karmsund vidaregåande skole	Vardafjell vidaregåande skole
Kopenvik vidaregåande skole	Ølen vidaregåande skule
Sauda vidaregåande skule	Åkrehamn vidaregåande skule

Sjå nærare på [vilbli.no](#), der ein også finn utdanningsprogramma/programområda som desse skulane har.

Vidaregåande opplæring for vaksne

Vaksne har rett til vidaregåande opplæring dersom dei ikkje har fullført denne opplæringa tidlegare, eller har vidaregåande utdanning frå utlandet som ikkje blir godkjent som studie- eller yrkeskompetanse i Noreg, jf. opplæringslova § 4A-3. Yngre vaksne med ungdomsrett kan søke om å få gjennomført opplæringa som vaksenopplæring, jf. opplæringslova § 3-1. Fylkeskommunen skal også ha eit vidaregåande tilbod til vaksne utan rett, jf. opplæringslova § 13-3. Opplæringa er gratis.

Kven har rett til vidaregåande opplæring?

Rett til vidaregåande opplæring har ein dersom ein:

- er fylt 25 år det året du søker
- har fullført eller fått godkjent grunnskoleopplæring
- ikkje har fullført vidaregåande opplæring
- ikkje har fått godkjend vidaregåande opplæring frå eit anna land
- er busett i fylket
- har lovleg opphald i landet

Sjå nærare informasjon på vestlandfylke.no.

Inntaksområder

Vestland fylkeskommune vidarefører dei to inntaksområda for skuleåret 2020/2021. Vaksne har førehandsrett til opplæringstilbod i sitt inntaksområde. Dersom vaksne vel sluttkompetanse/opplæringstilbod på tvers av inntaksområde, vert dei prioritert etter søkjarar med vaksenrett frå dette området.

Dette betyr at søkjarar som er busett i tidlegare Hordaland skal søkje til eitt av desse vaksenopplæringsentra:

- Stord vidaregåande skule
- Sotra vidaregåande skule
- Voss gymnas
- Åsane videregående skole
- Bergen katedralskole (OBS: Skulen har eige søknadsskjema. Ta kontakt direkte med skulen)

Søkjarar som er busett i tidlegare Sogn og Fjordane skal søkje til rettleiingstenesta i den regionen dei bur i:

- Nordfjord
- Sunnfjord
- Sogn

Tilbod for vaksne hausten 2020

Tilbod for inntaksområdet «Hordaland» finn ein [her](#).

Tilbod for inntaksområdet «Sogn og Fjordane» fin ein [her](#).

Vi tek atterhald om nok søkjarar for å setje i gong tilboda.

Søknad

Alle vaksne søker på vigo.no og «Søknad for vaksne/realkompetansevurdering». Ein må ha MinID eller tilsvarande for å logge inn. Portalen er alltid open, men administrativ søknadsfrist er 1. april for haustsemesteret og 15. november for vårsemesteret.